

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 24. februar 2010

Til stades: Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Marit Hovdenak, Lars Rotttem Krangnes (vara) og Helene Uri (vara)
Forfall: Ida Berntsen, Silje Solheim Karlsen og Magni Øvrebotten
Frå sekretariatet: Sylfest Lomheim (direktør) (ikkje S 3.2/10), Eilov Runnestø (rådgjevar) (ikkje S 3.2/10) og Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef) (ikkje S 3.2/10)
Møtestad: Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
Møteleiar: Fretland
Referent: Runnestø
Møtetid: Kl. 11.00–15.00

Sakliste:

Vedtakssaker

- S 1.1/10 Førebels protokoll frå styremøtet 16. desember 2009
- S 1.2/10 Budsjett for 2010
- S 1.3/10 Verksemdsplanen for 2010, vedlagd strategidokumentet for 2009–2011
- S 1.4/10 Budsjettsøknad for 2011
- S 1.5/10 Årsrapport for 2009
- S 1.6/10 Ny medlem i fagrådet for terminologi og fagspråk
- S 1.7/10 Nasjonal digital læringsarena og språkkvalitet
- S 1.8/10 Styremøte utanfor Oslo?

Informasjonssaker

- S 2.1/10 Rekneskap for 2009
- S 2.2/10 Språkstatus 2010. Kunnskap frå 11 språkpolitiske område
- S 2.3/10 Personalsaker
- S 2.4/10 Arbeidet med nynorskrettskrivinga
- S 2.5/10 Frå Språkmøtet 22. februar 2010
- S 2.6/10 Språkdagen
- S 2.7/10 Frå fagråda
- S 2.8/10 Språkprisen 2009 – oppsummering frå juryen
- S 2.9/10 Språkbanken
- S 2.10/10 Mållovsstatistikken for 2009
- S 2.11/10 Terminor-saka
- S 2.12/10 Standard Norge-prosjektet
- S 2.13/10 Annan informasjon

Eventueltsaker

- S 3.1/10 Honorar for styrearbeid
- S 3.2/10 Saka om ny direktør, utlysing og tilsetjingsprosess

Både leiar og nestleiar i styret hadde forfall. Fretland leidde møtet etter ynske frå styreleiaren.

Etter framlegg frå møteleiaren vart årsrapporten behandla som vedtakssak S 1.5/10, og Språkstatus 2010 vart flytt til informasjonssak S 2.2/10.

Grepstad melde som eventueltsak ei drøfting om utlysinga og tilsetjingsprosessen i samband med direktørstillinga.

Vedtaksaker

S 1.1/10 Protokoll frå styremøtet 16. desember 2009

Sakspapir: Den førebelse protokollen frå desembermøtet

Vedtak: *Protokollen vart godkjend med to merknader.*

Styret skal få tilsendt ei oversikt over prosjektstyrte aktivitetar i sekretariatet, jf. sak S 15.3/09.

S 1.2/10 Budsjett for 2010

Sakspapir: Taloppstillingar med kommentarar vedlagde statsbudsjettet 2010 – tildelingsbrev frå Kulturdepartementet 11. februar 2010

Vedtak: *Styret vedtok budsjettet for 2010.*

S 1.3/10 Verksemdsplanen for 2010

Sakspapir: Verksemdsplan frå sekretariatet vedlagd oversikt over tilleggstiltak delte ut på møtet

Styret sluttar seg til framlegget frå sekretariatet om sjeldnare avviksrapportering på styremøta i 2010. Heretter kjem sekretariatet til å rapportera om avvik frå verksemdsplanen på junimøtet, på septembermøtet og på det siste møtet før årsskiftet.

Vedtak: *Styret godkjende verksemdsplanen med dei endringsframlegga og merknadene som kom fram på møtet.*

S 1.4/10 Budsjettsøknad for 2011

Sakspapir: Utkast til budsjettforslag for 2011 til Kulturdepartementet vedlagt strategidokumentet for 2009–2011 stillingsoversikt utskrift av elektronisk rekneark

Vedtak: *Styret vedtok budsjettsøknaden for 2011 med dei tillegga og merknadene som kom fram på møtet.*

S 1.5/10 Årsrapport for 2009

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 12. februar 2010 vedlagt verksemdsplanen per 16. desember 2009

Vedtak: *Styret understreka at årsrapporten skal leggjast fram for styret til godkjenning kvart år.*

Styret godkjende årsrapporten for 2009.

Styret presiserte at alle viktige dokument som går til Kulturdepartementet, skal til styret først.

S 1.6/10 Ny medlem i fagrådet for terminologi og fagspråk

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 17. februar 2010

Marita Kristiansen har gått ut av fagråd 4.

Vedtak: *Tove Bjørneset, prosjektleiar ved Uni Digital i Uni Research AS, Bergen, blir ny medlem i fagrådet for terminologi og fagspråk.*

I november blir det ny oppnemning av alle fagrådsmedlemmene.

S 1.7/10 Nasjonal digital læringsarena og språkkvalitet

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 16. februar 2010 vedlagt innlegg frå Dag og Tid 5. februar
Kopi av brev frå Noregs Mållag til Kunnskapsdepartementet 14. januar 2010

Vedtak: *1 Styret ser svært alvorleg på den manglande språklege kvaliteten som er avdekt i læremiddel frå NDLA.*

2 Styret ber administrasjonen i samråd med Kulturdepartementet ta initiativ til eit møte med leiinga i NDLA og politisk leiing i Kunnskapsdepartementet for å drøfta nødvendige tiltak.

3 Språkrådet vil takast med på råd om korleis eit operativt system for kvalitetssikring kan etablerast.

S 1.8/10 Styremøte utanfor Oslo?

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. februar 2010

Vedtak: *Styremøtet 2. juni blir i Bergen.*

Informasjonssaker

S 2.1/10 Rekneskap for 2009

Sakspapir: Taloppstillingar med kommentarar

Styret tok saka til etterretning.

S 2.2/10 Språkstatus 2010

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 17. februar 2010
Rapport Språkstatus 2010 publisert 22. februar 2010
To pressemeldingar 22. februar i samband med kunngjeringa av rapporten

Styret vil ha ein seminardel med Språkstatus 2010 som tema på det neste styremøtet.

S 2.3/10 Personalsaker

Direktøren orienterte om at

- Øystein Baardsgaard er tilsett i fast stilling som rådgjevar med bokmålsrettskriving som viktig arbeidsfelt
- rådgjevar Svein Nestor sluttar 1. april
- Janne Skarbø Olden er tilsett som stadnamnsekretær for Nord-Noreg fram til 1. september
- Eva Refsdal er tilsett som rådgjevar fram til 1. august
- rådgjevar Karianne Skovholt har permisjon i halv stilling fram til 1. august

Til stillinga som rådgjevar med samfunnskontakt var det over 50 søkjarar, og innstillinga er snart ferdig.

Styret tok sakene til orientering.

S 2.4/10 Arbeidet med nynorskrettskrivinga

Sakspapir: Referat frå førebuande møte i nynorsknemnda 20. januar 2010
Referat frå opningsseminaret for nynorsk rettskriving 20. januar 2010
Innkalling med sakliste til møtet 10. februar 2010

Hovdenak orienterte om framdrifta, m.a. er nettsidene snart klare til lansering.

Når styret har møte i Bergen i juni, kan dei gjerne møta rettskrivingsnemnda der. Elles kan det høva å leggja høyringsmøtet om nynorskrettskrivinga i 2011 til morsmålsdagen 21. februar.

Fuglevik peikte på at 125 år etter stortingsvedtaket om språkleg jamstilling (12. mai i år) finn ein denne likestillinga i berre 25 % av statsorgana.

Styret tok elles saka til orientering.

S 2.5/10 Frå Språkmøtet 22. februar 2010

Sakspapir: Program og deltakarliste for språkmøtet

Fjorten representantar frå ulike språkpolitiske miljø deltok på møtet saman med folk frå dei fire fagråda og styret. Det danske og det svenske språkrådet var elles representerte, likeins Nordisk Sprogkoordination.

Det var semje i styret om at det ville vera ein fordel å leggja fram språkstatusen i april. Først då har oversiktstala for fjoråret frå diverse etatar og organisasjonar kome. Direktøren tek dette opp med departementet.

Styret tok elles saka til orientering.

S 2.6/10 Språkdagen 2010

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 12. februar 2010

Språkdagen 2010 blir halden i Oslo Konserthus, Lille sal 10. november. Fagrådet for terminologi og fagspråk har ansvar for tilskipinga.

Styret tok saka til orientering og tek sikte på å godkjenna programopplegget seinast på junimøtet.

S 2.7/10 Frå fagråda

Sakspapir: *Frå fagråd (1) for samfunn og høgare utdanning:*
Innkalling til og referat frå møtet 8. februar 2010
Frå fagråd (2) for skole og offentleg forvaltning:
Innkalling til møte 19. februar 2010
Frå fagråd (3) for normering og språkobservasjon:
Referat frå møtet 20. oktober 2009
Frå fagråd (4) for terminologi og fagspråk:
Innkalling til møte 5. februar 2010

Styret tok sakene til orientering. Det vart peikt på at referata bør skrivast slik at også folk utanfor rådet lett forstår dei.

S 2.8/10 Språkprisen 2009 – oppsummering frå juryen

Sakspapir: Notat 18. januar 2010 frå juryen for språkprisen

Møteleiaren peikte på at juryen to gonger no har nemnt for styret at dei saknar framlegg til kandidatar. Styret legg opp til evaluering av statuttane for språkprisen i februar i 2011.

Styret tok saka til orientering.

S 2.9/10 Språkbanken

Sakspapir: Brev 10. desember 2009 til styret i Språkrådet frå representantar ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, NTNU og IBM Norge
Referat frå møtet 18. desember 2009 mellom Nasjonalbiblioteket og Språkrådet
Brev 1. februar 2010 til Nasjonalbiblioteket

Samarbeidet mellom Nasjonalbiblioteket og Språkrådet blir realisert ved at direktøren er representant i det fagpolitiske rådet i Norsk språkbank.

Styret tok saka til orientering.

S 2.10/10 Mållovsstatistikken for 2008

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 10. februar 2010 med vedlegg
Brev 7. desember 2009 til Kultur- og kyrkjedepartementet
Tiltak frå tilsynstenesta i verksemdsplanen

Styret tok saka til orientering no, men medlemmene ynskjer å koma attende til ei grundigare drøfting av mållovsarbeidet på aprilmøtet.

S 2.11/10 Terminor-saka

Sakspapir: Brev 10. desember 2009 til styret frå Gisle Andersen og Marita Kristiansen ved Norges handelshøgskole
Brev 6. januar 2010 til styret frå leiar av fagrådet for terminologi og fagspråk, Johan Myking
Brev 12. februar 2010 til Gisle Andersen, Marita Kristiansen og Johan Myking frå styret i Språkrådet ved leiaren

Saka gjeld kva rolle Språkrådet skal ha i samband med utviklinga av prosjektet *Terminor – Terminologisk infrastruktur for norsk*. Svarbrevet frå styreleiaren og direktøren er sendt, og styret tok saka til orientering.

S 2.12/10 Standard Norge-prosjektet

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 18. desember 2009 vedlagt
Notat Standard Norge-prosjekt 18.12.2009
Agenda 2.12.2009
Referat frå møte i styringsgruppen i SNs termprosjekt 11.12.2009
Mandat styringsgruppe versjon 3
Fjerde versjon av SNs språkpolitiske retningslinjer 11.12.2009
Prosjektplan 1.2.2010
Tilsagnsbrev fra KKD 8.9.2009
Søknad til KKD 3.8.2009

Standard Norge fekk i 2009 tilsegn om 1,9 millionar kroner i støtte frå Kultur- og kyrkjedepartementet til å gjennomføra eit større prosjekt for å utvikla og gjera tilgjengeleg norsk terminologi på ei rad fagområde. Språkrådet vart bedd om å vera med i styringsgruppa. Terminologi frå nasjonalt standardiseringsarbeid skal liggja føre på både bokmål og nynorsk i ein database som blir allment tilgjengeleg på Internett.

Dette er eit lyft på eit område som ikkje har vore tilgodesett tidlegare. Styret tok saka til orientering.

S 2.13/10 Annan informasjon

Nynorsk i lesebøker (Jamfør artikkelen i nr. 1 i skriftserien til Språkrådet)

Sakspapir: Oppslag i *Nationen* 15. januar 2010:
”Nynorsk taper i lesebøkene i ungdomsskulen” (førstemanuensis Norunn Askeland, elevar ved Solvang skole i Asker, lærar Cecilie Falck-Ytter)
”Kunnskapsdepartementet vil ikkje attende til gamle rutinar”
(statssekretær Lisbeth Rugtvedt)
Kronikk i *Nationen* 12. februar 2010:
”Norskfaget treng retningslinjer” (førstemanuensis Norunn Askeland, førstelektor Benthe Kolberg Jansson og førstelektor Synnøve Skjong)

Styret tok saka til orientering.

Eventueltsak

S 3.1/10 Honorar for styrearbeid

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 17. februar 2010

Styret tok saka til orientering.

S 3.2/10 Saka om ny direktør, utlysing og tilsetjingsprosess

Lomheim, Steinsholt og Runnestø forlet møterommet då styret drøfta denne saka.

Oslo, 21. april 2010

Jan Olav Fretland
møteleiar

Sylfest Lomheim
direktør